



## Notat

Dato: 03.11.2017  
Arkivsak: 2016/34275-11  
Saksbehandlar: endkors

---

**Til:** Hans-Christian Engum

---

**Frå:** Endre Korsøen

---

### **Akvakultur - innspel til planprogam Meland kommune**

Kommunen ønskjer som ein del av planarbeidet å ha fokus på akvakulturnæringa sitt potensiale. Næringa er i stadig vekst, og det er viktig å kartlegge moglegheiter og avgrensingar framover. Det er etablerte akvakulturanlegg i kommunen som ikkje har høve å vidareutvikle drifta p.g.a. militær forbodssone. Kommunen vil i planarbeidet vurdere alternativ lokalisering for areal til akvakultur langs kystsona. Det vil og verte gjort vurdering på landbasert næring knytt til akvakultur.

Det er positivt at kommunen særleg med erfaringar frå konflikt mellom Forsvaret sine interesser og akvakulturinteresser ser trong for ein gjennomgang av sjødelen av arealplanen.

Arealplanen bør tilpassast akvakulturnæringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen av planen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem, og særleg med næringa og offentlege etatar.

Det er viktig at kommunen planlegg for akvakultur på ein slik måte at ein tek høgde for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og moglegheit for ny teknologi og nye arter.

Hordaland Fylkeskommune meiner og at det er positivt at kommunen tar høgde for nye områder og nye artar innan akvakultur.

I den vidare planprosessen oppmodar vi kommunen om å kontakte akvakulturnæringa for å få innspel om næringa sin trong for sjøareal i framtida.